

## HØYANGER VENSTRE PROGRAM 2011- 2015

### Grunnsyn og ideologi – Folk først

*Venstre byggjer sin politikk på dei liberale ideane der respekten for det einskilde mennesket står i sentrum. Alle menneska er frie og likeverdige, og i Venstre er vi opptekne av å setje folk først. Venstre skal formidle eit verdisyn bygd på vår kristne kulturarv, toleranse og humanistisk forståing i ei omskifteleg verd. Venstre vil ha eit sosialt og liberalt kunnskapssamfunn, der folk har fridom og høve til å skape sin eigen veg til det gode liv, og vi tar ansvar for kvarandre og for miljøet.*

Eit levande folkestyre er avhengig av mangfald, engasjement og brei representasjon. Vi vil møte strøymingar som truar demokratiet, med eit meir ope samfunn og demokratiske prosessar, samstundes som vi ikkje skal vere naive i møte med desse nedbrytande kreftene. Difor vil vi ha mange med oss til å forme framtida i Høyanger kommune, og ønskjer å setje vårt tydelege preg på den politikken som skal førast i kommunen.

### Helse og Omsorg

*Venstre ser kor viktig det interkommunale legevaktsamarbeidet er for å rekruttere legar til distriktet. Det vert viktig å styrke dette samarbeidet slik at det vert robust nok til å vere ei sikker teneste for innbyggjarane i regionen.*

*Høyanger kommune har i dag ei god utbygd teneste innan helse og omsorg. Frå 1.1.2012 skal samhandlingsreforma innførast. Grunntanken er at mest mogleg av helseoppgåvene skal løysast på lågast mogleg nivå. Dette er eit prinsipp som Venstre støttar. Innføringa av reforma vil bety at kommunane vil stå ovanfor nye store utfordringar innan helse og omsorg, spesielt innan førebygging og rehabilitering. For å klare desse store oppgåvene er Venstre opne for å sjå på kommunestruktur dersom oppgåver, tenestetilbod og rekruttering av fagpersonell krev det.*

Venstre vil arbeide for:

- sikre ei god oppfylling av **samhandlingsreforma** i samarbeid med kommunane rundt og helseinstitusjonar som det er naturleg å samarbeide med.
- **Sentralsjukehuset** er viktig for innbyggjarane i kommunen vår, men også for heile Sogn og Fjordane. Vi vil arbeide for ei styrking av sentralsjukehuset og motverke ei nedbygging av spesialisthelsetenestene.
- at **omsorgstenesta** gjev varm velferd og verdig liv til dei som treng det. Pasientane skal bli møtt med respekt, omsorg og naudsynt kompetanse i denne fasen av livet.
- sikring av god **helse- og omsorgsteneste** ved at personalet jobbar i tverrfaglege team, som ser heile mennesket og har som målsetjing at livet til kvar enkelt skal bli så bra som mogleg
- arbeidstrening og attføring

## Busetnad og næring

*Gode butilhøve og lett tilgang til teneste- og fritidstilbod er ein føresetnad for ein god kvardag. Høyanger kommune skal vere ein attraktiv bu- og etableringskommune.*

Venstre ser det som viktig å oppretthalde eit desentralisert landbruk med variert bruksstruktur og allsidig drift. Landbruket ivaretek på denne måten oppgåver som samfunnet må være villig til å betale for også i framtida.

Venstre vil arbeide for:

- ein handlingsretta arealplan, slik at vi er i forkant av utviklinga og kan møte nærings- og bustadetableringar på ein offensiv måte.
- å ha nok bustadtomter til ei kvar tid
- ei praktisering av bu- og driveplikta for gardsbruk som fremjar bulyst og fast busetnad – ”lys i alle hus”
- å **sikre E-39** som hovudtransportåre gjennom kommunen. Venstre vil krevje strakstiltak mellom Bogen – Vadheim.
- Høyanger kommune kjem dårleg ut når det gjeld etablering av småbedrifter. Vi må legge til rette for at **småbedrifter** kan enkelt etablere seg i kommunen.

## Skule, barnehage og fritidsaktivetar skal bidra til gode oppvekstmiljø

*Høyanger Venstre har som mål å gje alle born ei best mogeleg opplæring etter interesser, evner og føresetnader. Vi vil at barndomen skal bli prega av tryggleik meir i form av menneskeleg nærleik enn av romslege materielle rammer. Denne tryggleiken får borna først og fremst i familien og i det nettverket som kommunen skapar i barnehagar, skular, lag og organisasjonar.*

*Høyanger kommune har problem med å skaffe kvalifiserte lærarar til kommunen. Grunnen til dette kan vere mangt. Venstre vil at det skal vere kvalitet i skulen, og dette gjeld både lærarar og skulebygningar. Andre kommunar i Sogn og Fjordane tilbyr gunstige arbeidsavtaler med gode lønnsvilkår for å få kvalifiserte lærarar til kommunen sin. Høyanger kommune må gjere det same og dette må skje med ein gang. Tal på lærarar som går ut med pensjon er høg ved ein del skular i kommunen. Det er berre eit tidsspørsmål før kommunen står med mange ledige stillingar. Vi må også ha bygningar som lærarar vil jobbe i og som elevane våre trivst i. Vi trenger gode skulebygg for at læringsutbytte skal vere maksimal.*

Venstre vil arbeide for:

- å **fremje den generelle tilpassa opplæringa**, og styrke det spesialpedagogiske arbeidet i skule og barnehage. Dess tidlegare ein set inn dei naudsynte tiltaka, dess større nytte har eleven av spesialpedagogiske tiltak.
- **gode lønnsvilkår til kvalifiserte lærarar** i kommunen.
- **kompetanseutvikling** og hospiteringsordningar for pedagogisk personale
- god og kompetent **lærartettleik** i barnehage og skule
- stimulere og gi **støtte** til helseførebyggjande tiltak i skule og barnehage

## Natur, Miljø og kultur

*Høyanger kommune er ein vakker plass med store naturvariasjonar. Vi har også variasjonar i kulturtilbodet vårt og det er dei frivillige organisasjonane som utføre det viktigaste kulturarbeid.*

Venstre vil arbeide for:

- auka støtte til **frivillige organisasjonar** gjennom kulturmidlar.
- å **styrke kommuneadministrasjonen** på kulturfeltet.
- ivaretaking av **kulturlandskap** og **kulturminne**
- kraftutbyggingar vert utført utan store naturinngrep, der vassføring og fisk vert sikra
- naturen i større grad vert teken i bruk i næringssamanheng, ved t.d. ridesenter, fjellsport, klatring, padling, terreng- og fjellsykling m.m.

## Samferdsle og kommunikasjon

*Hovudtransportåra gjennom Høyanger kommune, stamveg E39, har hatt ein årleg sterk trafikkvekst. Vi vil arbeide for straks tiltak mellom Bogen og Vadheim, og at E39 som stamveg vert rusta kraftig opp på denne strekninga. Kommunen er til for innbyggjarane, og skal vere ein pådrivar for utvikling.*

Venstre vil arbeide for:

- **Straks tiltak på E39 mellom Bogen og Vadheim.**
- at Høyanger skal bli ein **digital kommune** med velutvikla elektroniske tenester, internettside, og papirbasert informasjon til dei som ynskjer det.
- betre **kollektivtilbod** i regionen, slik at fleire vel å bu i kommunen sjølv om dei har arbeidsplassen i andre kommunar
- å utvikle **breibandsnettet** i kommunen til eit nett med meir kapasitet ut til bedrifter, hus og heim.

Framtida: Vi vil tenkje ikkje berre om i dag, men i morgon og 20 år fram i tid. Dette gjeld skule, omsorg, samferdsel, kultur og alt anna kommunen driv med i dag. Med di stemme vil Høyanger Venstre vere det partiet som også tenkjer langsiktig.

## Bruk røysteretten din 12. september:

### Stem Venstre

Dette er lista til Venstre ved kommunevalet 2011:

1. **Thomas Michael James – Lavik**
2. Lidvar Berge – Høyanger
3. Anneli Austrheim – Høyanger
4. Anne Mette Moen – Bjordal
5. Ole Bjørn Skjerven – Høyanger
6. Inger Johanne W. Berge – Høyanger
7. Anna Sofia Skaar – Vadheim